Hjartdal kommune

Arkivsaksnummer:2026/693-1
Saksbehandlar: Helge Bekkhus

SAKSFRAMLEGG

1.gongshandsaming – høyring - Forslag til forskrift om adgang jakt, minsteareal hjortevilt og fellingsavgift elg og hjort

Utvalssak	Utval	Møtedato
12/2026	Utval for plan og utvikling	03.06.2026

PS 12/2026 **Forskrift om adgang jakt og minsteareal hjortevilt og fellingsavgift elg og hjort til høyring**

Vedtak i Utval for plan og utvikling - 03.06.2026:

Forslag til «Forskrift om adgang til jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Hjartdal kommune, Telemark» sendast ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37

Behandling i Utval for plan og utvikling - 03.06.2026 :

Saka vart presentera.

Votering:

Einstemmig for kommunedirektøren sitt forslag til vedtak.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Forslag til *«Forskrift om adgang til jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Hjartdal kommune, Telemark»* sendast ut på høyring i samsvar med forvaltningslova § 37.

Samandrag

I brev til norske kommunar gjer Landbruksdirektoratet oppmerksam på at viltressurslov, når den trer i kraft, innfører eit krav om at kommunar som ønsker å fastsette og krevje inn fellingsavgift for kvart dyr som felles av elg og hjort, må gjere dette i forskrift, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Fellingsavgiftene må fastsettast innanfor rammer fastsett av Stortinget. Gjeldande rammer følger av Prop. 1 S (2024-2025) frå Landbruks- og matdepartementet s. 131. Landbruksdirektoratet anbefaler at kommunen fastsett ein felles forskrift for adgang til jakt, fastsetting av minsteareal, og for fastsetting av fellingsavgifter. Forskrifta reviderast ved behov. Det vil gjere avgjerdene lettare tilgjengeleg for både jegerar, interesseorganisasjonar og øvrige viltmyndigheiter.

Saksopplysningar

Ny viltressurslov av 1. juli 2026 vidarefører viltlovas krav om at kommunen må fastsette forskrift for å opne for jakt på elg, hjort og rådyr og for fastsetting av minsteareal (viltressursloven § 42). Mange kommunar har fastsett forskrifter som både opnar for jakt på hjortevilt og fastsette minsteareal i same forskrift, mens fellingsavgifter er i hovudsak fastsett gjennom kommunale budsjettvedtak eller gebyrregulativ.

Hjartdal kommune har egen forskrift om adgang til jakt etter elg, hjort og rådyr. Den gjev adgang til jakt på nemnte arter og omhandlar minsteareal for kvar enkelt hjortevilt med tanke på godkjenning av vald, fellingsløyve og fordelingsgrunnlag for kvote.
Landbruksdirektoratet anbefalar at fastsetting av fellingsavgift blir tatt med i ny utgåve av denne forskrifta som et tilleggspunkt.

Vurdering

Paragraf 1 og 2 i nytt forslag til forskrift er vidareføring av teksten i dagens forskrift.
Det er forslag om nytt avsnitt i paragraf 3 som følger:

Fellingsavgift krevjast inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift settast til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak.

Fellingsavgift er viltfondet sin hovudinntekt.

Fondet kan brukas til

- ✓ Tilskot til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommunar gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersonar eller kommunen selv.

- ✓ Dekke kommunens utgifter til ettersøk og handtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- ✓ Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

Slik situasjon er i dag er inntektene ikkje store nok til å dekke offentleg ettersøk aleine. Vidare er det ønske frå kommunen og rettshavarane om finansiering av tanninnsamling, informasjonskveldar med foredragsholdar og skadehemmande tiltak.

Med bakgrunn i dette går kommunedirektøren inn for å følgje maksimal sats fastsett i Stortingets budsjettvedtak.

Konklusjon

Vedlagt forslag på forskrift sendast til høyring på kommunen sin heimeside, til nabokommunar og lokalt bestandsplanområde. Fristen settast slik at kommunestyret i møte 7. september 2026 kan vedta ny forskrift.

Vedlegg:

1 Forslag til forskrift om åpning av jakt, minsteareal og fellingsavgift hjortevilt